



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
43/19	Formannskapet	11.06.2019
	Kommunestyret	

Låneopptak SSIKT

Samandrag av saka:

Kommunestyret har tidlegare vedteke å flytte ansvaret for finansiering av investeringar til Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) frå kommunane til SSIKT.

Samla låneopptak for SSIKT for 2019 er kr 10.775.000 som kommunane i samarbeidet må godkjenne.

Rådmannen si tilråding:

Sande kommune godkjenner at SSIKT kan ta opp kr 10.775.000 i lån for 2019.

Saksopplysningar:

Styret i SSIKT har vedteke eit investeringsbudsjett for 2019 på Kr. 10.775.000.

SSIKT treng eit eige kommunestyrevedtak frå kvar deltakar kommune for å få ta opp lån.

Investeringane skal finansierast ved låneopptak og lånet skal nedbetalast over 5 år.

Investeringsbudsjettet for SSIKT i 2019 er:

Maskiner og utstyr på driftssenter	Kr. 2.950.000
Agresso digitaliseringstiltak	Kr. 875.000
Sak/arkiv system	Kr. 5.750.000
Gerica: Svar ut	Kr. 200.000
Helsestasjonsprogram	Kr. 1.000.000
Sum	Kr 10.775.000

Alle summar er netto beløp (eks. mva).

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil tilrå at SSIKT tek opp lån på Kr. 10.775.000 i 2019.

Økonomiske konsekvensar: Utrekninga syner kostnadane kvar kommune får p.g.a. låneopptak i SSIKT for 2019. Det er teke utgangspunkt i ei rente på 2%.

	Avdrag (5 år)	Rente (2%)	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
			0,097	0,088	0,168	0,164	0,121	0,171	0,191
2019	-	107 750	10 452	9 482	18 102	17 671	13 038	18 425	20 580
2020	2 155 000	172 400	225 758	204 811	391 003	381 694	281 615	397 985	444 533
2021	2 155 000	129 300	221 577	201 018	383 762	374 625	276 400	390 615	436 301
2022	2 155 000	86 200	217 396	197 226	376 522	367 557	271 185	383 245	428 069
2023	2 155 000	43 100	213 216	193 433	369 281	360 488	265 970	375 875	419 837
2024	2 155 000	21 550	211 125	191 536	365 660	356 954	263 363	372 190	415 721
Sum:	10 775 000	560 300	1 099 524	997 506	1 904 331	1 858 989	1 371 571	1 938 336	2 165 042

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen.

Miljøkonsekvensar: Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen.

Trond Arne Aglen
Rådmann

Elin Rekdal Skogstad
stabssjef

